

Lesing i samfunnsfag

Å kunne lese i samfunnsfag inneber å utforske, tolke og reflektere over faglege tekstar for å forstå eige og andre samfunn og andre tider, stader og menneske.

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 10.09.2015

Det inneber òg å kunne behandle og bruke informasjon frå bilete, film, teikningar, grafar, tabellar og kart, og å gjere målretta informasjonssøk, kritisk vurdering og medvitne val og bortval av kjelder. Utvikling av leseferdigheitene i samfunnsfag inneber gradvis oppøving, frå forståing av tekst og visuelle framstillingar, gjennom tolking og vurdering til utvikling av strategiar for kritisk kunnskapstileigning. Lesing for informasjonssinnhenting og kritisk lesing av kjelder tek til med å finne informasjon i enkle, tilrettelagde kjelder og å vurdere om informasjonen er nyttig. Seinare kjem oppøving av evna til å gjere eigne informasjonssøk, samanlikne informasjon frå ulike kjelder og kritisk vurdere deira relevans, truverd og formål.

Undervisningsopplegg

Korleis arbeide med informasjon frå fleire kjelder?

Å lese i samfunnsfag

Å arbeide med omgrep i samfunnsfag

Å lese i historie

Å lese i geografi

Å lese i samfunnskunnskap

Praksiseksempel - Å lese om samisk historie, kultur og folk i historiefaget

Praksiseksempel - Leseopplæring i samfunnsfag for elever med nynorsk som sitemål

Praksiseksempel - Å skape engasjement for lesing og læring i samfunnsfag og naturfag